

01.02.2011

Meir nedbør enn normalt

Nedbøren var så heftig at den utløste ras - som her på Døsslandsido. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I januar kom det meir nedbør enn normalt i denne månaden.
Ved målestasjonen til SØRAL som truleg også er
representativ for Uskedalen når det gjeld nedbørsmengd, kom
det 316,1 millimeter medan det normale er 239 melder
HusnesNett.

Det kom mest i døgnet frå 10. til 11. januar - 59,6 millimeter
og to døgn var heilt tørre.

Nedbørsrekorden i januar vart sett i 2005 med 459,3 millimeter.

Januar var også relativt mild med minus 5,6 grader som det
lågaste ved målestasjonen.
På pluss-sida var toppen 9 grader og middeltemperaturen
enda på 2,4 pluss.